



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
57/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	28.08.2017
57/2017	Kommunestyret	PS	18.09.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - N62, HistSak - 11/645	14/1269

MOBILDEKNING EKSINGEDALEN, GRØSVIK OG TOSKEDAL UTVIDING AV RAMME FOR SLUTTFØRING AV VEDTEKEN UTBYGGING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil kr. 900.000,- ekskl. mva frå Næringsfondet 2514500 for å fullfinansiere vedteken mobilutbygging.

Oppjustert kalkyle for utbygginga er 10,819 mill. kr ekskl. mva. Ved utbetaling av tilskot frå Hordaland fylkeskommune skal dette tilbakeførast til Næringsfondet 2514500

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 57/2017

FPØ - Behandling:

Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes:

- 1. Formannskapet ber om at det vert lagt fram dekningskart for heile Vaksdal kommune i høve mobildekning.*
- 2. Formannskapet ønskjer at Bergen fiber kjem og orienterer om dekning for fiber og planlegging av fiberutbygging i kommunen.*

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke
Kjartan Haugsnes sitt oversendingsframlegg samrøystes vedteke

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Det vert løyvd inntil kr. 900.000,- ekskl. mva frå Næringsfondet 2514500 for å fullfinansiere vedteken mobilutbygging.

Oppjustert kalkyle for utbygginga er 10,819 mill. kr ekskl. mva. Ved utbetaling av tilskot frå Hordaland fylkeskommune skal dette tilbakeførast til Næringsfondet 2514500

Kommunestyret - Sak 57/2017

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Det vert løyvd inntil kr. 900.000,- ekskl. mva frå Næringsfondet 2514500 for å fullfinansiere vedteken mobilutbygging.

Oppjustert kalkyle for utbygginga er 10,819 mill. kr ekskl. mva. Ved utbetaling av tilskot frå Hordaland fylkeskommune skal dette tilbakeførast til Næringsfondet 2514500

Saksopplysningar:

I desember 2013 inngjekk Vaksdal kommune ein samarbeidsavtale med Telenor om utbetring av mobildekning i området Grøsvik – Toskedal samt Eksingedalen ved bygging av til saman 7 antennestasjonar med 4G teknologi. I avtalen står Telenor som utbygger med ansvar for framtidig vedlikehald.

Utbygginga vart rekna til 7,02 millionar kroner ekskl. mva der Vaksdal kommune finansierte om lag 1/3 og Hordaland fylkeskommune 2/3. Kalkyla vart i 2015 oppjustert til 8,571 mill. kr ekskl. mva, og formannskapet løyvde i sak 83/2015 (14.09.2015) 1,5 millionar ekstra frå Næringsfondet 2514500 for å få fullfinansiere vedteken mobilutbygging.

Status for prosjektet per 15. august 2017 er:

Trefall, vart idriftsett 29. juni 2015.

Gullbrå, vart idriftsett 1. september 2015.

Grøsvik, vart idriftsett 2. november 2015.

Bergo/ Binningabø, vart idriftsett 4. november 2015.

Høvik/Vetlejord, vart idriftsett 4. desember 2015.

Lavik, vart idriftsett 6. desember 2016.

Telenor har utført ein felttest i Toskedalen, og dei finn ikkje lokaliteter for ein mast som vil gje tilfredsstillande mobildekning for Toskedalen. Det har difor vært vurdert to ulike løysingar, jamfør også orienteringssak i formannskapet FS 78/2016 (29.08.2016):

- a) framføring av fiber,
- b) mast på Vardafjellet på Osterøy.

Framføring av fiber vil vere svært kostnadskrevjande, og kan ikkje forsvarast ut i frå tal busette i Toskedalen. Det er i tillegg få fritidsbustader i området. Ein mast på Vardafjellet er også dyr, då spesielt kraftframføring. Føremonen med ein mast på Vardafjellet er at den vil gje dekning til bustader i Stamnes området som i dag har dårleg eller ingen dekning. Dette gjeld mellom anna Kalland, Hesjedalen, Stamnesfet, Øyane, Vik og Straume.

Vaksdal kommune og Telenor har justert samarbeidsavtalen med Telenor for utbygging av mast på Vardafjellet der Telenor har ansvar for å byggje ut og drive ein basestasjon på Vardafjellet. Det er

planlagt idriftsetting i løpet av sumarhalvåret 2018.

Justert kalkyle for utbygginga basert på basestasjon på Vardafjellet er 10,819 mill. kr. ekskl. mva.

Lokasjon	Opprinnelig budsjett	Justert budsjett
Toskedal	335 000	3 641 925
Grøssvik	860 000	1 207 714
Vetlejord (Høvik)	1 350 000	1 587 623
Lavik	1 550 000	850 750
Bindingabø(Bergo	1 282 000	1 588 700
Trefall TVO	544 000	557 600
Gullbrå	1 100 000	1 384 658
Sum	7 021 000	10 818 971
Sum ekskl. Toskedal		7 177 046
Finansiering	7 000 000	
HFK	4 666 667	
VK	2 333 333	
Ekstraløyving 1 VK		1 500 000
HFK Vardafjell		1 419 000
Rest		900 000

Vaksdal kommune søkte januar 2017 Hordaland fylkeskommune om 2,333 millionar kroner for å fullføre utbygginga, fylkeskommunen løyvde inntil 1,419 millionar kroner. Det står då att 900 000 kroner for å fullfinansiere utbygginga.

Hordaland fylkeskommune sin andel vert då 56 %, medan Vaksdal kommune står for 44 % av utbyggingskostnadane.